

Handlings- og tiltaksplan 2014.

Innleiing.

Handlingsplanen 2014 med framlegg til tiltak og aktivitetar byggjer på revidert Parkplan sin overordna satsingar som pt. er:

- SKAPE NÆRING OG KULTUR.
- TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ.
- TA VARE PÅ KULTURARV.

Fylgjande føresetnader og rammevilkår er bestemmande i høve til val av prosjekt og gjennomføring av desse:

- Verdsarvparken si deltaking i det nasjonale verdiskapingsprogrammet for Lokal og Regionale Parkar i regi av Kommunal og Regionaldepartementet.
- Initiativ og innspel frå partnerar.
- Tilsegn om midlar til gjennomføring/ tilgjengeleg prosjektøkonomi.

Handlingsplanen er resultatet av ein prosesses med fylgjande innhald:

- 11. september: Møte i arbeidsutvalet.
- 2. oktober: Partnarmøte med orientering om framdrift og oppmoding om å kome med framlegg til prosjekt/ tiltak.
- 1. november: Frist for innspel.
- 16. desember 2013: Rammer for arbeidet drøfta i arbeidsutvalet .
- 8. januar 2014: Handsaming og godkjenning i Parkstyret i sak 05/14.

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Gjennomføring | Ansvar |
|-----------|---|------------------|-----|------------------------------|--------------|
| 1. | Styre og organisasjon. | | | | |
| 1.1. | Styre og arbeidsutval: Møtekostnader, godtgjerdelse styreverv, reise - og opphaldsutgifter for styreleiar mv. | 80 000 | | | Dagleg leiar |
| 1.2. | Dagleg leiing/ verdsarvsekretariat: Løn og sos. utgifter, husleige og kontorhald, reise- og opphaldsutgifter, rekneskap og revisjon. | 900 000 | | | |
| 1.2.1 | Rullering av Parkplanen: Slutføring revisjon av plandokumentet, innarbeiding/ omarbeiding av uttalar og vedtak. Kunngjering/ formidling/ rapportering. | 50 000 | | | Dagleg leiar |
| | Feltarbeidarar/ operativt personell | | | | |
| 1.3. | Parkforvaltar - kulturminne og formidling: Løn, sos. utgifter, husleige, kontorhald, reise-, kurs- og opphaldsutgifter. | 530 000 | | | Dagleg leiar |
| 1.4. | Restaureringshandverkar/prosjektmedarbeidar: Løn, sos. utgifter, husleige, verktøygodtgjerdelse, kontorhald, reise-, kurs-, og opphaldsutgifter mv. | 570 000 | | | Dagleg leiar |
| 1.5. | Parkforvaltar - kulturlandskap, skjøtsel og tilrettelegging: Løn, sos. utgifter, husleige, kontorhald, reise-, kurs- og opphaldsutgifter. | 470 000 | | | Dagleg leiar |
| 1.6. | Parkforvaltar - mat og oppleving: Løn, sos. utgifter, husleige, kontorhald, reise-, kurs- og opphaldsutgifter. | 520 000 | | | Dagleg leiar |
| 1.7. | Prosjektmedarbeidar/-ar | 50 000 | | | Dagleg leiar |
| | Sum styre og organisasjon | 3 170 000 | | | |
| 1.8. | Parkmøte: Vidareutvikle parkmøte/ allmøte til felles forum, arrangere parkmøte innan ultimo april 2013. | 30 000 | | Partnarane, stiftarane m.fl. | Dagleg leiar |
| 1.9. | Møteplassar: Gjennomføre samlingar for partnarane - vår og haust. Faglig/ tematisk og sosialt. | 30 000 | | Partnarane m.fl. | Dagleg leiar |
| | Sum Møteplassar | 60 000 | | | |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnerar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|--------------------------------|--|---------------|---------|--|-------------|------------------------------------|
| 2. | SKAPE - NÆRING og KULTUR | | | | | |
| VERTSKAP OG FORMIDLING: | | | | | | |
| 2.1 | <p>1. Bygdevertkurs:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utvikle kursa med tanke på innhald (<i>verdsarverdiane</i>) og målgruppe - etablere og gjennomføre eit tilbod retta særleg mot deltakarar som skal nytte kunnskapen i eiga næringsverksemd eller som tilsett. - Legge til rette for og hjelpe fram lokalt tilpassa kurs i dei andre grendene i og kring Verdsarvparken. <p>2. Vertskapskurs: Utvikle og gjennomføre eit 1. generasjon vertskapskurs for 1.linje personell i reiselivsverksemdar og andre verksemdar i Verdsarvparken. Fokus på basiskunnskap om området/ regionen og kva det kan tilby av opplevingar og aktivitetar. Omfattar og visningsturar i området.</p> <p>3. Verktøykassa for vertskap: Oppdatere/ revidere dokumentet til ei praktisk handbok - både som hefte og på nett.</p> | 400 000 | 320 000 | Partnerane Visit Sognefjord Kommunane mv. | Desember | Parkforvaltar mat- og oppleving |
| 2.2. | <p>"World Heritage Storytelling": Prosjektet har som mål å etablere forteljarkunst som verktøy i lokalsamfunnsutvikling og i stadbasert læring.</p> <p>Vidareutvikle nettverk, kompetanse og gjennomføre kurs i forteljarkunst som ein integrert del av den kulturelle og sosiale verdiskapinga knytt til turar og opplevingar i Verdsarvparken i samarbeid med den internasjonale skulen for "Storytelling".</p> | 131 000 | 33 000 | Naturpedagog Jorun Barane | Oktober | Jorun Barane (Partner) |
| 2.3. | <p>"Fjordportalen", Aurlandsvengen: Vidareføre forprosjektet/ etablere eit hovudprosjekt med mål om å bygge eit Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden.</p> | 300 000 | 200 000 | Aurland Naturverkstad Aurland kjøle- og fruktlager | Desember | Dagleg leiar |
| 2.4. | <p>Infopunkt Flåm: Utvikling av profilerings- og utstillingskonsept med info om Verdsarvstatusen, Verdsarvparken og dei unike produkta frå parken og samarbeidande nettverk som SAKTE. Eksponert gjennom plansjar/rollup, og interaktive skjermar. Kjøp av utstyr, tenester og produksjon. (2-årig prosjekt)</p> | 300 000 | 300 000 | ARU Visit Sognefjord Sognefjorden Næringshage | Desember | Dagleg leiar |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|------|---|---------------|---------|---|-------------|---|
| 2.5. | Lokale informasjons- og visningscenter (Verdsarvhus): Utvikle og etablere eit tilpassa formidlingskonsept i grendene (Verdsarvhusa) med fokus på verdsarvstatusen, Verdsarvparken og kvar einskild grend. Prosjektet har som delmål å skape aktivitet i og kring tidlegare skulehus/ grendehus samt involvere grendene i formidlingsarbeidet. Verdsarvhusa skal vere Fjordportalen sine "filialar." (Prosjekt vidareført frå 2013) | 500 000 | 500 000 | Underdal grendalag Bakka grendalag Jordalen grendalag Aurland Naturverkstad Verneområdestyret | Desember | Underdal grendalag Bakka grendalag Jordalen grendalag Parkforvaltarane |
| 2.6. | Formidling og informasjon: 1. Vidareutvikling og drift av nettsida www.naroyfjorden.no . Partnarar/ grendalag utan eiga side får tilgang til dette. 2. Setje i produksjon revidert infobrosjyre om Verdsarvparken . 3. Auka satsing på å nytte lokal og regional media til informasjon/ formidling/ omtale av prosjekt og tiltak. 4. Koordinering, kunngjering og marknadsføring av partnarane sine aktivitetar/ arrangement i media/ nett. 5. Utvikle og implementere felles handbok/ retningsliner for bruk av parklogo/ parkprofil. | 350 000 | 350 000 | Lokale blad og regionale aviser mv. Aurland Naturverkstad Partnarane Karlsens AS | Desember | Parkorganisasjonen |
| 2.7. | Felles formidlingsplan - Vestnorsk fjordlandskap: Oppstart og gjennomføring av arbeidsprosess med mål om å fremje utkast til felles formidlingsplan for Vestnorsk fjordlandskap. (Utsett/ vidareført frå 2013.) | 100 000 | 75 000 | Geirangerfjorden Verdsarv Aurland Naturverkstad Verneområdestyre/ SNO | Desember | Parkforvaltar kulturminne og formidling |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |
| | | | | | | |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|---|---|---------------|---------|---|-------------|-----------------------------------|
| MAT, HANDVERKS- OG OPPLEVINGSPRODUKSJON: | | | | | | |
| 2.8. | <p>1.SAKTE: Vidareføre ei spissa satsing i samarbeid med Sognefjorden Næringshage/ SAKTE- alliansen om utvikling av natur - og kulturbasert reiseliv i Verdsarvparken med fokus på tilrettelegging, produktutvikling, merkevarebygging og utvikling av ein marknad for produkt som styrkar motivet for vern av landskaps- og kulturverdiane. <i>(Drift av SAKTE-alliansen)</i></p> <p>2. Brei framhjelp: Vidareføre brei framhjelp og støtte av nye regionale initiativ og satsingar innan mat-, handverks- og opplevingsproduksjon. Utvikle nettverk, knyte kontakt/ etablere samarbeid med liknande satsingar i parkregionen, lyfte fram og synleggjere mangfaldet på marknader og arrangement. Gjennomføre tematiske møteplassar/ produsentforum.</p> | 750 000 | 300 000 | Partnarane/ SAKTE-alliansen Kommunane Visit Sognefjord Sognefjorden Næringshage Voss Næringshage/ Vossameny | Desember | Parkforvaltar mat og oppleving |
| 2.9. | "Frå frø til øl til brød": Vidareføring av forprosjekt i regi av SLP med mål å etablere opplevingar/ produkt knytt til lokale ressursar som lokal mat og drikke, kulturformidling, kursing og vertskap/ guiding. | 305 000 | 45 000 | Stalheim Landskapsark Stalheim Oppleving | Desember | Stalheim Landskapsark (SLP) |
| 2.10. | <p>Prosjekt Brimost: Brimost frå Sogn er i det verdsomspennande organisasjonen Slow Food kåra til presidium. I Slow Food rørsle er dermed brunosten i klasse med verne verdige produkt frå heile verda. Brimost frå Sogn har aldri fått den merkevarestatusen som t.d Rakfisk frå Valdres eller cider frå Hardanger har fått. Dette kan endrast ved å sette litt fokus på brimosten frå Sogn. Målet er at brimosten skal bli ei god merkevare for Sogn.</p> <p>Forprosjektet skal stake ut vegen, samle aktuelle samarbeidspartar som vil vere med å støtte prosjektet.</p> | 125 000 | 25 000 | Skjerdal Gard Rallarrosa Underdal Stølsysteri SA | Desember | Parkforvaltar Mat og oppleving |
| 2.11. | Måltidsoppleving i Thomasløa, Otternes: Utarbeide skisse/ prospekt som grunnlag for ei måltidsoppleving (lokalmat + formidling) tilpassa (antikvarisk) Thomasløa på Otternes. | 80 000 | 40 000 | Otternes drift v/ Laila Kvellestad | Oktober | Laila Kvellestad |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2013 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|-------|---|---------------|---------|--|-------------|------------------------|
| 2.12. | Plantefarging som aktivitet: Planlegge og gjennomføre/ tilby plantefarging som ei unik oppleving/ del av eit pakka produkt. Bruk av lokale plantar og ull. Mål om å auke tal gjester/ verdiskapinga på Otternes Bygdetun. | 185 000 | 60 000 | Otternes drift v/ Laila Kvellestad | September | Laila Kvellestad |
| 2.13. | Vandringstur Lie - Otternes bygdetun: Utvikling, etablering og marknadsføring og sal av eit nytt vandringsprodukt frå Lie til Otternes med innslag av lokal mat. (Prosjektet vart ikkje gjennomført 2013, overført til 2014) | 55 000 | 10 000* | Otternes Lie Gardstun | September | Gry Lie Roberts |
| 2.14. | Vikingskip på Verdsarvfjorden: Utvikling / etablering av eit nytt opplevingstilbod knytt til roturar på Nærøyfjorden med vikingskip. Utbetre båt, utarbeide eit ressurshefte som grunnlag for kompetansebygging og formidling samt delta på vertskapskurs. | 277 000 | 60 000 | Hringhorni Vikingoppleving v/ Anders Hovland | Oktober | Anders Hovland |
| 2.15. | "Opplevingspakkar i Arven": Slutføring av forstudie og marknadsundersøking, etablering av leverandørnettverk/ samarbeidspartar. Prosjektet har som mål å utvikla berekraftige og gode tilbod som inkluderer deltaking i det spektakulære natur- og kulturlandskapet. (Slutføring av prosjekt) | 100 000 | 37 500* | Heritage Adventures | November | Heritage Adventures AS |
| | | | | | | |
| | | | | | | |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnerar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|-----------------------------------|---|------------------|---------|---|-------------|---|
| Arrangement | | | | | | |
| 2.16. | Verdsarvturen, Bakka: Innsats og hjelp til organisering og gjennomføring av arrangement. | 15 000 | 8 000 | Bakka Grendalag Drego Gard Dyrdal Grendalag, SNO | August | Bakka og Dyrdal Grendalag |
| 2.17. | Kongeveg marsjen, Stalheim: Organisering, marknadsføring og gjennomføring. Samordning. | 28 000 | 18 000 | Stalheim Landskapsark | September | Stalheim Landskapsark |
| 2.18. | Stalheimskleiva Opp, Stalheim: Organisering, marknadsføring/profilering og gjennomføring av arrangementet i slutten av ma. | 100 000 | 20 000 | Stalheim Landskapsark | Mai | Stalheim Landskapsark |
| 2.19. | Motbakkeløp Rimstigen Opp, Bakka: Innsats til utvikling, organisering, koordinering, marknadsføring og gjennomføring. | 80 000 | 20 000 | Aurland Idrettslag Bakka Grendalag | Juli | Aurland Idrettslag |
| 2.20. | Nynorske litteraturdagar: Medverknad til organisering, marknadsføring og gjennomføring. | 20 000 | 20 000 | Aurland kommune Lag og organisasjonar | November | Dagleg leiar |
| 2.21. | Kulturminnehelg 2014: Framhjelp, organisering og gjennomføring av kulturminnedagen 2014/ marknad på Otternes Bygdetun. Engasjere og involvere skulane/ musikk- og kulturskulane, lag og organisasjonar elles i programmet og aktivitetane. Fokus på brei verdiskaping. | 120 000 | 80 000 | Otternes v/ Laila Kvellestad Lag og organisasjonar | September | Parkforvaltar Kulturminne og formidling |
| 2.22. | Vikingmarknad Gudvangen 2014: Organisering og gjennomføring av autentisk Vikingmarknad den 15. - 20. juli. Fokus på sal av handverk og formidling/ aktivitetar for barn og vaksne. | 160 000 | 20 000 | Njardar Vikinglag | August | Njardar Vikinglag |
| 2.23. | "Friluftslivets år 2015": Har tema kulturminne og folkehelse. Innsats i høve til planlegging av innhald, organisering og gjennomføring aktivitetar og arrangement i Verdsarvparken. Framskaffe naudsynt finansiering. (Vidareført frå 2013) | 30 000 | 30 000 | Partnerane Kommunane Verneområdestyret | Desember | Parkforvaltar kulturminne og formidling |
| 2.24. | "Verdsarvmarkering 2015": I juli 2015 er det 10 år sidan Vestnorsk fjordlandskap kom på Verdsarvlista. Dette må markerast på forskjellig vis. I samarbeid med Geirangerfjorden Verdsarv vil vi utarbeide eit program/ køyreplan for markeringane i begge fjordområda. | 100 000 | 100 000 | Verdsarvrådet Geirangerfjorden Verdsarv Kommunane Fylkeskommunane | Desember | Dagleg leiar |
| SUM SKAPE NÆRING OG KULTUR | | 4 611 000 | | | | |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|------|--|---------------|---------|--|-------------|---------------------------------|
| 3 | TA VARE PÅ NATURAV OG MILJØ | | | | | |
| 3.1. | Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap: Oppfølging av skjøtselsavtaler. Auka innsats og fokus med mål om å auke økonomien i eksisterande ordningar/ etablere økonomi til ordninga med investeringsbidrag. Kontakte sentrale samarbeidspartar og styresmakter. | | | Verdsarvrådet Kommunane FM-landbruksavdelinga | Desember | Dagleg leiar |
| 3.2. | Kurs/ kompetanse/ nettverkssamlingar: Planlegge/ gjennomføre kurs/ samlingar som eit ledd i oppfølging av avtalepartane i tiltaksplanen. Samarbeid og samordning med med Geirangerfjorden. | 30 000 | 30 000 | Kommunane Landbruksavdelingane | Mai | Dagleg leiar |
| 3.3. | Besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap: Vidareføre forprosjektet (avslutta 2013) inn i eit 3-årig hovudprosjekt med mål om å etablere ein felles besøksforvaltningsstrategi/ - plan for Vestnorsk fjordlandskap. Planlegge og gjennomføre ein felles studietur for Vestnorsk fjordlandskap til område med liknande tal gjester og røynsle frå aktiv besøksleing. <i>(Prosjektet har ein førebels samla kostnad på omlag kr. 6 000 000,-. Budsjett NVP sin del av år 1)</i> | 500 000 | 250 000 | Aurland Naturverkstad Geirangerfjorden Verdsarv Verdsarvrådet Regionalt Forskingsfond Verneområdestyret Reisemålselskapa mv. | Desember | Dagleg leiar |
| 3.4. | Prosjekt "Levande Fjord": 1. Etablering av årleg dialogkonferanse mellom alle aktørane på fjorden og forvaltninga om forpliktande felles ambisjonar og tiltak for utsleppsfri fjordturisme. 2. Kajakktrafikken. Kartlegge behov og planlegge gjennomføring av førebyggjande tilretteleggingstiltak (landingsplass, bålplassar, ureining.) 3. Fjord Safari med hurtiggåande rib-båtar. Bistand og pådrivarrolle for å få i stand eit pilotprosjekt for elektrifisering av dette produktet . 4. Fjord Cruise i rute og charter. Pådrivarrolle for eliminering av ueigna båtmateriell som lagar bylgjer og erosjonsproblem eller ureinar til luft og fjord. 5. Cruisenæringa: Pådrivar for elektrifisering ved kai og eliminering av utslepp til luft og sjø. | 330 000 | 280 000 | ARU Fjord 1 Sognefjorden Cruise | Desember | Dagleg leiar/ tilsette i Parken |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnerar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|------------------------------------|---|---------------|---------|---|-------------|--|
| 3.5. | "Leave No Trace" : Planlegge/ gjennomføre kurs i <i>"Ferdslé utan spor"</i> for utøvarar av friluftsliv/ naturbasert verksemd. Målet er å utdanna instruktørar i heile området som kan formidla kunnskap og haldningar til ferdsel i naturen, slik at kultur- og naturverdiane vert teke vare på. Prinsippa for LNT er teke med på kartet som vart laga for padlarar på fjorden. | 60 000 | 30 000 | Njord AS Verneområdestyret | April | Njord AS v/ Ervin Mejía |
| Skjøtsel og tilrettelegging | | | | | | |
| 3.6. | Tursti Brekkefossen, Flåm : Planlegging og støtte til gjennomføring av tilretteleggingsprosjekt ved Brekkefossen - ein svært mykje nytta tursti. Betre og sikrare tilkomst. Oppsett av infoskilt, etablering av toalettfas.. <i>Prosjekt overført frå 2013.</i> | 2 200 000 | 300 000 | Verneområdestyre/SNO Grunneigarar Reiselivsverksemd | Oktober | SNO v/ Kristoffer Ullern Hansen |
| 3.7. | Turvegen til Hovdungo - Stigen : Underdal sitt svar på Rimstigen. Planlegging og støtte til gjennomføring av tiltak som betrar og sikrar tilkomst, merking og oppsett av infotavler/ etablering av formidlingsopplegg. Auka profilering og marknadsføring. <i>(Prosjekt vidareført frå 2013)</i> | 125 000 | 85 000 | Underdal grunneigarlag Underdal grendalag SNO/ Verneområdestyre Stigen Gard og Turar | November | Parkforvaltar - kulturminne og formidling. |
| 3.8 | Turvegen Underdal - Stokko : Utbetring/ sikring, merking og auka profilering av turvegen langs med Aurlandsfjorden. | 50 000 | 30 000 | Underdal Grendalag. Underdal Grunneigarlag. Verneområdestyret | September | Underdal Grendalag |
| 3.9. | Informasjonstavler : Vidareføre utvikling/ produksjon og oppsett av verdsarvtavler/ lokale infotavler på fylgjande stader: <ul style="list-style-type: none"> - Langhuso, Underdal - Lokal + VF 4 språk - Aurland/ Voss grense (Øydelagt av <i>"Dagmar"</i>) - Flåm ved start sti Brekkefossen - Ved Bakkatunnellen - Nordheimsdalen - Fyre, Stalheim - Kaupanger ferjekai - VF 4 språk - Brekkevegen/ Stalheimskleiva: Infotavler om Sivle G. | 400 000 | 400 000 | Grendene/grunneigar/ Verneområdestyret + SNO. | Oktober | Dagleg leiar/ eigen prosjektmedarbeidar. |
| 3.10. | Fresvik sentrum : Prosjektet i regi av Fresvik Bygdelag har til føremål å legge betre til rette for fjordturismen gjennom etablering av betre landingsplassar for kajakkar/ robåtar, enkel overnatting og andre servicetilbod. <i>(Overført frå 2013)</i> | 320 000 | 50 000 | Indre Sogn kystlag Stigen Gard & Turar, Frøys Hus Vik kommune Fresvik Eigedom AS | November | Fresvik Bygdelag |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnerar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|-------|---|------------------|----------|--|-------------|---|
| 3.11. | Rydding, merking, skilting av turstiar/ vegar: - Skarsvatnet - Breiskrednosi. - Skarsvotno - Breidalen. - Breidalen - Vassete. - Vassetfjellet - Vassete. - Langhuso - Jonadalen. - Langhuso - Undredal - Hjøllo - Stigen - Beitelen - Fristølen. | 300 000 | 250 000 | Partnerar/grendalag/ Turlag/ SNO Verneområdestyret | Oktober | Dagleg leiar/ eigen prosjektmedarbeidar. |
| 3.12 | Utsiktspunkt Sivlefossen, Stalheimskleivi: Forprosjekt opparbeiding og etablering av tursti og plattform med utsikt inn i fosserommet til Sivlefossen. Vidareført frå 2013. | 300 000 | 100 000* | Grunneigar Voss Kommune Verneområdestyre | Oktober | Voss kommune/ |
| 3.13. | Sivle Gard, Stalheim: Sikring og restaurering av bru til Sivle Gard. Trygge og betre tilkomsten til garden og vidare til husmannsplassen Nåli. Slutføring i 2014 | 710 000 | 200 000* | Sivle Gard Innovasjon Norge Voss kommune | Oktober | Sivle Gard v/ Randi Engelsen Eide |
| 3.14. | Kunnskapsbase Marin del: Gjennomføre ei kartlegging og utarbeide ein oversikt over eksisterande/ tilgjengeleg kunnskap/ forskning om Nærøyfjorden/ Aurlandsfjorden - marin del. Lage ei kort oppsummering med fokus på klima - og miljøeffektar. (Td. forureining til luft og sjø mv.)Vurdere/ peike på evt. kunnskapsmanglar. | 100 000 | 100 000 | Siri Bøthun Naturforvaltning | November | Dagleg leiar |
| | SUM TA VARE PÅ NATURARV OG MILJØ | 5 425 000 | | | | |

| Kap. | Innsatsområde/ tiltak | Budsjett 2014 | NVP | Partnarar/ Samarbeidspartar | Gjennomført | Ansvar |
|------|---|-------------------|---------|---|-------------|---|
| 4 | TA VARE PÅ KULTURARVEN | | | | | |
| 4.1. | Samarbeid med barnehagane og skulane: Verdsarvparken har som målsetjing at verdsarven Vestnorsk fjordlandskap skal bli ein naturleg del av skulekvardagen i Nærøyfjordområdet. Det er allereie etablert partnerskap med Lærdalsøyri Barne- og Ungdomsskule og Aurland Barne- og Ungdomsskule. I samarbeid med skulane i og inntil Verdsarvparken vil vi utvikle og gjennomføre ein kompetanseplan/ pedagogisk opplegg som set fokus på verda sin arv/ vår arv, vertskap, entreprenørskap/ næringsutvikling. Auke innsatsen mot barnehagane. <i>(Satsing vidareført frå 2013)</i> | 350 000 | 300 000 | Skulane i Verdsarvparken SNO/ Verneområdestyret Kommunane Sognefjorden Næringshage | September | Parkforvaltar kulturminne og formidling |
| 4.2. | Arbeidsseminar om Verdsarven: Planlegge og gjennomføre ein workshop om verdsarv generelt, om Vestnorsk fjordlandskap spesielt og Verdsarvparken. Målgruppa er tilsette i skulane og barnehagane. | 50 000 | 50 000* | Skulane og barnehagane i Verdsarvparken. | Mars | Parkforvaltar kulturminne og formidling |
| 4.3. | Restaureringsplan for Nærøyfjordområdet: Høyring av utkast og slutføring av ein samla plan for istandsetjing av verneverdige bygningar/ bygningsmiljø. | 50 000 | 50 000* | Sogn og Fj. fylkesk. Hordaland fylkesk. Riksantikvaren Kommunane Verneområdestyre/SNO | Mars | Parkforvaltar kulturminne og formidling |
| 4.4. | Otternes Bygdetun som eit mini Bygningvernseier : Utarbeide prosjektskisse/ søkje naudsynt ekstern finansiering til bygningsmessig endringar + handverkarstilling nr. 2. Gjennomføre 2 fagsamlingar/ kurs i tradisjonshandverk/ restaurering. | 230 000 | 115 000 | Stiftinga Otternes Otternes drift | Desember | Dagleg leiar |
| | SUM TA VARE PÅ KULTURARV | 680 000 | | | | |
| | SUM BRUTTOBUDSJETT HANDLINGSPLAN 2014 | 13 946 000 | | | | |

| Nr. | Finansiering 2014 | Sum |
|-----|---|-------------------|
| 1. | Aurland kommune - stiftar | 370 000 |
| 2. | Lærdal kommune - stiftar | 235 000 |
| 3. | Vik kommune - stiftar | 235 000 |
| 4. | Voss kommune - stiftar | 235 000 |
| 5. | Sogn og Fjordane fylkeskommune - stiftar/ regionale utviklingsmidlar | 1 325 000 |
| 6. | Hordaland fylkeskommune - regionale utviklingsmidlar | 545 000 |
| 7. | Miljødirektoratet - Verdsarvmildar/ sekr. for Vestnorsk fjordlandskapar | 2 710 000 |
| 8. | Kommunal- og Moderniseringsdepartementet - VSP lokale og regionale parkar | 760 000 |
| 9. | | |
| 10. | | |
| 11. | Regionalt næringsfond (Aurland, Vik og Voss kommune) | 188 000 |
| 12. | Fylkesmannen Sogn og Fjordane , landbruksavdelinga - BU-midlar til tilretteleggingstiltak | 95 000 |
| 13. | | |
| 14. | Aurland Næringsutvikling AS | 140 000 |
| 15. | Sognefjorden Næringshage AS | 180 000 |
| 16. | Verneområdestyre Nærøyfjorden/ SNO | 1 960 000 |
| 17. | FM Miljøvern avdelinga | 0 |
| 18. | Kommunane - SMIL | 0 |
| 19. | Løyvde midlar/ tilsegn/ innsats overført frå 2013 | 1 402 500 |
| 20. | Eigeninnsats og egne midlar frå parkpartnarane | 2 181 500 |
| 21. | Eigenbetaling ved kurs og tenestekjøp | 1 379 000 |
| | Sum finansiering 2014 | 13 946 000 |

*Midlar og innsats overført frå 2013. **Merknad:** Gjennomføring føreset løyving av økonomi i tråd med finansieringsplanen.

Aurland, 15. januar 2014.

Erling Oppheim
Dagleg leiar